



## SPØRSMÅL OG SVAR KNYTT TIL INNSENDING AV VERJEREKNESKAP

Fylkesmannen får mange spørsmål om innsending av verjerekneskap.

Vi vil her prøve å gi generelle svar på dei spørsmåla vi får oftast:

**1. Kva er saksid?**

Saksid er vår saksreferanse, som står i alle våre utgående brev som «Vår ref.».

**2. Kan delvis/ufullstendig rekneskap sendast inn via Altinn?**

Svaret er nei. Løysinga er basert på innsending av kompletts årleg verjerekneskap. Du må vente til skattemeldinga ligg føre for å sende inn alle dokument samla. Unntaket er når verjemålet blir avslutta i løpet av året, då er det kun krav om innsending av fullstendigheitserklæring og kontoutskrifter. Logg gjerne inn på Altinn via [www.vergemal.no/vergeregnskap](http://www.vergemal.no/vergeregnskap).

**3. Kan verjerekneskap sendast elektronisk via «Melding til Fylkesmannen»?**

Svaret er ja, men vi føretrekk at du nyttar Altinn ved innsending av verjerekneskap. «Melding til Fylkesmannen» og «Melding til Vergemålsavdelingen» kan likevel nyttast ved alle andre typar førespurnader til oss. Du kan sende denne typen elektronisk melding ved å gå inn på vår nettside [www.fylkesmannen.no/vestland](http://www.fylkesmannen.no/vestland).

**4. Kva krav stiller Skatteetaten til dokumentasjon i samband med krav om frådrag for honorar/utgiftsdekning der person med verje dekker dette?**

Skatteetaten har opplyst følgjande; «*Om du har ført opp utgifter som overstiger 10 000 kroner på årsbasis, må du ha betalt via bank for at summen skal være fradagsberettiget. Du trenger ikke sende oss dokumentasjon på dette, men du må kunne legge fram dokumentasjon hvis vi spør.*» Vi minner om at det er utgifter som faktisk er belasta verjehavar i rekneskapsåret som skal førast som frådrag.

**5. Kan eg byrje arbeidet med innsending av verjerekneskap via Altinn allereie no?**

Det går fint å byrje, legge inn til dømes årsoppgåver og kontoutskrifter, og sette saka på vent i Altinn inntil skattemeldinga ligg føre. Når alt er på plass kan rekneskapen sendast inn. Det er ingen tidsavgrensing på kor lenge ei sak kan ligge på vent i Altinn.

**6. Har verje tilgang på verjehavar sin skattemelding?**

Verje får ikkje tilgang til innhaldet i innboksen på Altinn. Dette fordi det kun er eigaren av innboksen som skal ha tilgang til denne. Som hovudregel går kommunikasjon med Skatteetaten føre seg elektronisk. Verjehavar kan likevel reservere seg mot kommunikasjon på nett. Dette kan ein gjere via [www.norge.no](http://www.norge.no). Meir informasjon om dette finn de på <https://www.norge.no/nb/reservasjon>. Har ein reservert seg mot elektronisk kommunikasjon vert opplysningane sendt via post.

**7. Er det rekneskapsplikt på verjehavar sin eigen brukskonto?**

Kontoen inngår i den ordinære verjerekneskapen, dersom verje har disposisjonsrett på kontoen. Fylkesmannen tilrår at du som verje skriv ein kommentar/merknad i pkt. 5.11 i fullstendigkeitserklæringa dersom verjehavar har ein konto du ikkje har gjennomført transaksjonar på, men du til dømes har innsynsrett i.

**8. Er konto til verjehavar som bur på institusjon underlagt revisjon?**

Ja, den er underlagt revisjon. Dersom institusjonen har fatta vedtak om disponering av kontantyting er kontoen underlagt revisjon av institusjonen. Verje pliktar likevel å gå gjennom denne kontoen, sjå pkt. 5.6 i fullstendigkeitserklæringa. Dersom verje disponerer over kontoen, inngår denne i den ordinære verjerekneskapen.

**9. Kva treng ein av vedlegg/kvitteringar?**

Verje skal oppbevare alle kvitteringar og vedlegg i minst 3 år – og desse skal ikkje sendast Fylkesmannen saman med rekneskapen. Vi etterspør ved behov.

**10. Skal det sendast inn årsoppgåver frå NAV og andre private og offentlege pensjonskassar?**

Nei, det er ikkje naudsyn – opplysningane vil kome fram i skattemeldinga.

**11. Kvar finn ein brukarrettleiing for elektronisk innsending av verjerekneskap og anna til Fylkesmannen?**

Sjå brukarmanualar – [www.vergemal.no/vergeregnskap](http://www.vergemal.no/vergeregnskap)